

# Samling på Fornebu-landet

## Allmennmedisinsk våruke 2014

LISBETH HOMLONG

Allmennmedisinsk våruke vart i år arrangert på Quality Expo Hotel på Fornebu-landet 5.-9.mai. I løpet av veka vart årsmøtet i Norsk forening for allmennmedisin (NFA) og landsrådsmøtet i Allmennlegeforeningen (AF) halde. Samtidig vart det arrangert grunnkurs D for spesialistkandidatar, emnekursa «Overdiagnostikk» og «Det moderne legekontor», det årlege leiingskurset og kurs i helsepolitikk.



Marit Hermansen



Hege Gjessing

I tillegg var det mulighet til å delta på fleire sosiale arrangement. Veka vart avslutta med ein felles festmiddag på arrangementshotellet. Våruka samla i år rundt 350 allmennlegar, stemninga var god, prega av lite kontroversielle saker.

### Ingen reservasjonsrett for fastleger

Årsmøtet i NFA starta berre få timer etter pressekonferansen der helseminister Bent Høie presenterte regjeringa sitt nye forslag til løysing på reservasjonssaka. Dette vart såleis grundig omtala både i NFA-leiar Marit Hermansen si årsmøtetale og AF-leiar Kari Sollien si tale til landsrådet dagen etter. Begge uttrykte stor tilfredsheit med utfallet og la ikkje skjul på at Legeforeningen har vore sentral i prosessen som har leia fram til løysinga på denne vanskelege saka, som har prega dagsorden i foreininga det siste året.

Spesielt AF-leiar Sollien har vore sterkt bidragsytande til løysinga, noko ho også fekk honnør for. – Det innføres ingen reservasjonsordning for fastleger, opna Hermansen med i si tale. Ho understreka koriktig det har vore for foreiningane at døra skal vere open for alle pasientar på fastlegeskontoret. På eit fagleg grunnlag var det umogleg for foreininga å avtalefeste ei ordning som medførte at enkelte pasientar vert utestengte frå fastlegen sitt kontor.

Av andre viktige saker som foreininga har arbeidd med det siste året, trakk Hermansen fram utviklinga av allmennlege-spesialiteten og legevakt. Når det gjeld le-

gevakt vart arbeidet skildra som å gå i ei myr. – I dag er legevakta for billig for kommunene, og da mener jeg billig både med hensyn til vilje, innsats og kroner, sa NFA-leiaren. Ho etterlyste igjen vilje frå myndighetene til å satse på legevakt, men uttrykte ingen stor optimisme i så måte.

### Helsejournalistikk til debatt

Årsmøtet i NFA vart også i år innleia med ein helsefagleg debatt. Tema var helsejournalistikk. Fastlege Anette Fosse i Mo i Rana og helsejournalist Hilde Marie Tvedten i Dagbladet, innleia til debatt. Mange har vore, og er, kritiske til spesielt Dagbladet si dekning av helststoff, noko Fosse underbygde ved å presentere Dagbladet sine framsider i løpet av det siste året, der over halvparten av dei var prega av helserelatert stoff, mykje med negativ vinkling. Journalisten, på si side, påpeika at Dagbladet forsøker å vere medvitne sitt samfunnsoppdrag. Avisa ønskjer å opplyse folk og har fokus på saker som kan verke førebyggjande og som kan gjøre lesarane sjølv betre i stand til å ta vare på helsa si – som styrking av eigenmestring og andre tiltak som kan betre folkehelsa. Ho hadde også fokus på at journalistar og legar må samarbeide, men understreka at rollene er ulike. Ho etterlyste fleire bidragsytarar frå primærhelsetenesta og oppmoda fastlegane til å bruke media meir aktivt, også sosiale mediar som Twitter, bloggar og liknande. Allmennmedisinsk forsking viste seg å vere upløygd mark for denne journalisten,



Kari Sollien



men Guri Rørtveit frå Allmennmedisinsk forskningsenhet (AFE) i Bergen sørja for å opplyse om at det finst fire sterke allmennmedisinske forskingsmiljø i landet som kan bidra med oppdatert kunnskap til media.

Mange i salen engasjerte seg i debatten. Ei generell haldning hos mange var at vi har ein tilstand av «over-helseopplysning» gjennom media, noko som ikkje nødvendigvis gagnar folkehelsa. Fleire etterlyste ein meir ærleg debatt, avisframsidene handlar trass alt om å tene pengar – journalisten påpeika at innhaldet inne i avisene som oftast er meir edrueleg. Nokre undra seg over at folk framleis kjøper all skremsepropagandaen, vert ikkje folk immune? Men journalisten kunne stadfeste at helse framleis sel godt med aviser.

### Paradigmeskifte i primærhelsetenesta?

President Hege Gjessing i Legeforeningen opna AF sitt landsrådsmøte dagen etter. Ho innleia med gratulasjonar både når det gjeld opprettinga av Senter for kvalitet i legekontor (SKIL), løysinga på reservasjonssaka og utarbeidingsa av dokumentet «Utviklingsplan for fastlegeordninga 2015–2020» (tidlegare «Opptrappings-planen for fastlegeordninga») som AF og NFA har utvikla saman. Samtidig viste Gjessing til den varsle stortingsmeldinga om helsetenesta i kommunane som er venta til neste år. Statssekretær Lisbeth Normann har varsle eit paradigmeskifte når det gjeld endringane som skal inn i denne stortingsmeldinga.

– Når myndighetene varsler paradigmeskifte, så blir det arbeid for oss å gjøre, understrekka Legeforeningen sin president frå talstar stolen. Det er dermed ingen grunn til å kvile på sine laurbær.

AF-leiar Kari Sollien var tydeleg i si tale til landsrådet, der ho uttrykte stor tilfredsstil med løysinga på reservasjonssaka: – Jeg mener at forslaget som helseministren la fram i går er godt, og jeg kan leve med det, og jeg håper at de av våre medlemmer som ikke kan henvise til abort også kan leve med dette forslaget. Sollien uttrykte vidare eit klart ønskje om fleire fastleger inn i fastlegeordninga. Dette meiner ho vil betre tilbodet til kronikarar. For å rekruttere nye fastleger inn, må ein jobbe for å utvikle utdanningsstillingar, gjerne med fastløn. Men foreininga meiner fram-

leis at næringsdrift kombinert med folketrygdfinansiering er den mest rasjonelle forma for drift av fastlegetenesta.

Fastlegene Robert Burman i Vennesla og Ole Henrik Krat Bjørkholt i Drammen, presenterte på vegne av Legeforeningen sitt utval for allmennlegar i spesialisering, ALIS, årets nyskaping, «Oppstartshåndbok allmennpraksis», eit littlest elektronisk oppslagsverk på 23 sider som gir ei innleiing til og ei oversikt over det meste av det ein har behov for når ein er ny i allmennpraksis. Eit svært nyttig verkty for ferske fastleger!

### Velfortent allmennlegepris

Til slutt på årets landsrådsmøte vart Allmennlegeprisen utdelt. I år tilfall den fastlegane Sverre Lundervall og Bente Aschim, for deira langvarige arbeid og engasjement for allmennlegar si etterutdanning, gjennom utdanning av rettleiarar i allmennlegespesialiteten og som kursarrangørar i kognitiv terapi for allmennlegar gjennom mange år. Arbeidet deira har kome både fastleger og pasientane til gode. Juryen trekkjer fram eit imponerande engasjement og ein kreativitet utanom det vanlege hos prisvinnarane. Dei framstår begge som særskilt gode rollemodellar, både for rettleiarane dei utdannar og for spesialistkandidatane. Ein svært velfortent pris!

### «Det årnær sæ i Fredrikstad!»

I 2015 skal Våruka arrangerast i Østfold, nærmere bestemt Fredrikstad, i perioden 4–8.mai. Våruka er ein fagleg og fagpolitisk møteplass som er vel verdt å få med seg. Rett nok blei det i krokane murra om at Våruka i år var alt for gemyttleg, med få kontroversar, for mykje sjølvskryt og for lite debatt. Kanskje er det eit teiken i tida? Vi skal jo som kjent heie på kvarandre! Det var ikkje så kjeledeg før, høyrt eit fleire som uttal!

Er dette spede skrik frå utdøyande dinosaurar eller er det reell grunn til bekymring? For stor konsensus kan i verste fall vere lite utviklande. Men etter den til dels utmattande reservasjonsdebatten som har pågått det siste året, var det kanskje like greitt med ei viss grad av konsensus. Sidan slagordet til Østfoldbyen er som følgjer: «Det årnær sæ i Fredrikstad,» håper vi på god stemning også neste år.



Bente Aschim og Sverre Lundervall vann årets allmennlegepris.



God stemning under den avsluttande festmiddagen.



Helsejournalistikk var årets tema i den helsefaglege debatten.

Badboni El-Safadi, Jan Robert Johannessen og Jørn Kippersund på Sjøflyhavna kro.

